

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-L13	23/732

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2023	Formannskapet	PS	11.09.2023

Innspel til reguleringsendring knytt til detaljplan for Gulen industrihamn

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Innspel frå Masfjorden kommune knytt til reguleringsendring Gulen Industrihamn	04.09.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til innhaldet i vedlagde innspelsbrev sendt frå Masfjorden kommune den 28.08.2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

I varselbrev om planoppstart knytt til reguleringsplan for Gulen Industrihamn av 10.07.2023 står det mellom anna følgjande:

« Reguleringsendring for: Detaljregulering Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15 Plan-id: 2013003

Hensikta med reguleringsendringa er å endre på høgde på ei vindmølle/vindturbin i gjeldande plan. I gjeldande plan er det lagt til rette for oppføring av vindmøller med høgde opp til 150 meter. Wergeland Gruppa AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin i samband med sertifisering av turbinar, med plan om at turbinen skal overtakast av Wergeland Gruppa etter testperioden. Turbinen (vindmølla) er regulert i gjeldande plan for Gulen industrihamn, men er planlagt høgare enn det som er omtalt i planen. Til dette arbeidet er det i gang ein konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing. Det er sendt ut melding om dette arbeidet, og den 26.06.23 vart det halde eit folkemøte knytt til dette. Vindturbinen (GE Haliade-X) er ein havvindturbin og er planlagt med ein installert effekt på 17- 18 MW. Nav-/tårnhøgde vil være 150 - 160 m, mens rotordiameter vil være 250 m. Årlig produksjon er foreløpig estimert til ca. 60 - 63 GWh, tilsvarande forbruket til ca. 3750 - 4000 husstandar.».

Vidare står det også:

«»Konsekvensutgreiing

I pågåande arbeid med konsesjonssøknad vert det utarbeidd konsekvensutgreiing for vindturbinen/vindmølla. Konklusjonar frå konsekvensutgreiinga vert tatt inn i arbeidet med reguleringsendringa for Gulen industrihamn Plan-id: 2013003.

Frist for innspel er sett til 25. august 2023.

Saka vart drøfta i formannskapet i møte den 28 august. På bakgrunn av denne drøftinga sende administrasjonen over innspelsbrev same dag til avsendar, med presisering om at endeleg innspel vil verta sendt etter at formannskapet har hatt saka oppe som sak i møte den 11.09.23.

Vurdering

Administrasjonen viser til vedlagde brev som er sendt den 28.08.23 til Sweco AS, og menier at dette langt på veg tek fangar opp det som er viktig å få med i innspelsfasen. Seinare vil det koma ein høyringsfase i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10, og då kan ein koma med konkret merknad til sjølve reguleringsplanendringa.

Konklusjon

Rådmannen ber formannskapet drøfta om vedlagde innspelsbrev sendt 28.08.23 fangar opp det viktigaste i saka.

Formannskapet - 075/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet sluttar seg til innhaldet i vedlagde innspelsbrev sendt frå Masfjorden kommune den 28.08.2023.